

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

Jon Olav Økland (Krf) sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 3:

Fylkesutvalet får delegert fullmakt til å godkjenne mandat og nemne opp medlemmer til Kontaktutval mellom innvandrere og styresmaktene i Vestland fylke. Saka skal innom hovudutval for kultur, idrett og integrering først.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke.

Økland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune stiller seg positiv til at det vert etablert eit nytt kontaktutval mellom innvandrere og styresmaktene i Vestland fylke.
2. Vestland Innvandrerråd, KS, Bergen kommune og fylkeskommunen utarbeider forslag til nytt mandat og samansetjing av utvalet. Forslaget vert lagt fram for fylkestinget til godkjenning.
3. Fylkesutvalet får delegert fullmakt til å godkjenne mandat og nemne opp medlemmer til Kontaktutval mellom innvandrere og styresmaktene i Vestland fylke. Saka skal innom hovudutval for kultur, idrett og integrering først.